

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020**

### **Avrøysting**

Innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (H).

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek at Vestland fylkeskommune skal ha eit psykologteam som skal arbeide lågterskel og ha samtaler med elevar og lærlingar. Psykologteamet skal rettleie elevar og lærlingar til vidare behandling der det er naudsynt i samhandling fastlege eller skulehelsetenesta.
2. Fylkestinget vedtek at for å sikre eit stabilt psykologteam i Vestland skal fylkesrådmannen inngå samarbeid med kommunar og helseføretak om kjøp av psykologtenester
3. Fylkestinget vedtek at ordninga med miljøkoordinator vert videreført. Ordninga med miljøkoordinator og psykologteamet skal saman arbeide for eit heilskaplege psykososialt skolemiljø for alle elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune.
4. Tilbodet er føresett finansiert innanfor gjeldande budsjett.
5. Fylkestinget føreset at det vert jobba systematisk med kompetanseutvikling knytt til elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø, og som sikrar at alle tilsette i vidaregåande opplæring får betre forståing av kva ein kan gjere sjølv, og korleis ein kan støtte andre.
6. Oppdatert informasjon om ordningane skal vere lett tilgjengeleg for elevane.»